

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	11.02.2022
Vår referanse	2022/5548-2
Dykkar referanse	21/10604 - 22/3763
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - Dispensasjonssøknad - gnr 176 bnr 28 - tilbygg og avkøyrsløse - NGIR - Spurkeland - Alver kommune

Vi viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 14.01.2022.

Søknaden gjeld dispensasjon frå reguleringsplan for å oppføre tilbygg til administrasjonsbygg og etablere 36 nye parkeringsplassar.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova § 19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedomen er regulert i reguleringsplanen Kjevikdalen fyllplass, utviding med planID 1263_201306, vedteke i 2015. Områda for tiltaka er regulert til næringsbebyggelse, administrasjonsbygg, parkeringsplassar og vegetasjonsskjerm.


Uttale

Tilbygg til administrasjonsbygg:

Det er søkt om tilbygg til eksisterande administrasjonsbygg. Vi har ikkje merknadar til dette tiltaket.

Parkeringsplass:

Det er også søkt om dispensasjon frå arealformålet «næringsbygg» for å etablere 36 nye parkeringsplassar 13,2 meter frå vegmidte av fylkesveg 57.



Utsnitt frå situasjonskart ved søknaden.



Bilete, teke i 2021, er henta frå *Vegbilder* tenesta til Statens vegvesen.

Sidan reguleringsplanen ikkje har regulert byggegrense er det byggegrensa i veglova på tidspunktet då planen vart vedteken som gjeld, som er 50 meter. Vi er kritisk til dispensasjon frå byggegrensa og meiner den må haldast. Fylkesveg 57 er klassifisert som haldningsklasse «meget streng» jf. Rammepplan 2021-2024 som seier «tiltak bør ikkje etablerast nærare enn 50 meter».

Staden det er ønskeleg med parkeringsplassar er allereie planert og vert nytta til parkering og lagring, som vi ser på som ulovleg. Det er regulert parkeringsplass i planen som vi meiner bør nyttast.

Eit alternativ kan vera å gje dispensasjon for ein midlertidig parkeringsplass innanfor BN3 i planen, til arealet med planføremål SPP er ferdig opparbeida. Parkeringsplassen må likevel trekkast lengre vekk frå fylkesvegen enn det er søkt om no.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift